



TINN KOMMUNE
Rådmann

NVE - Konesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

201200550-23
KSK/KRN
312
201101212-25
200904052-23
201002761-26
201003769-32
KSK/LAMI

MELDING OM VEDTAK

Deres ref:

Vår ref
2013/344-17

Saksbeh:
Bjørn Bjørnsen, tlf. 35 08 25 73

Arkivkode:
S11

Dato:
14.05.2013


Melding om vedtak - Søknadar om løyve til bygging av småkraftverk i Tinn kommune - Ramsåe, Vesleåe, Gjerdøla, Husvollåe og Kvitåe kraftverk

Visar til vedlagte vedtak.

Det er også lagt ved uttalar som har kome til kommunen vedk. denne saka.

For Kvitåe kan det presiserast at voteringa i kommunestyret innebar at utbyggingsalternativ 1, det mest omfattande, vart avvist samrøystes, medan utbyggingsalternativ 2, det minst omfattande, vart avvist med 15 mot 14 røyster.

Med helsing


Bjørn Bjørnsen
miljøvernrådgjevar

Vedlegg:


- 1 Christian Berthelsen - Åpent brev til Ordfører, Næringssjef og Miljørådgiver i forbindelse med utbygging av Kvitåi-vassdraget
- 2 Anne-Lise Duaas - Høringsuttalelse
- 3 Andreas Spak - Høringsuttalelse vedrørende utbygging av vassdrag
- 4 Hans Åsheim med flere protesterer på at Vesleåe blir tørrlagt

Kopi til:

Fylkesmannen i Telemark

Postboks 2603 3702

SKIEN



TINN KOMMUNE

Arkiv: S11
 Saksnr.: 2013/344-8
 Sakshands.: Bjørn Bjørnsen
 Dato: 15.04.2013

SAKSFRAMLEGG

Søknadar om løyve til bygging av småkraftverk i Tinn kommune - Ramsåe, Vesleåe, Gjerdøla, Husvollåe og Kvitåe kraftverk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Tinn formannskap	20/13	25.04.2013
Tinn kommunestyre	26/13	02.05.2013

Saksprotokoll i Tinn kommunestyre - 02.05.2013

Behandling

Representantene Sanja Pasovic SV, Sandra Yeomans V og Steinar Miland SV fremmet følgende forslag til generell del:

“Tinn kommunestyre er av den oppfatning at Tinn har tatt sitt samfunnsansvar når det gjelder å skaffe kraft og energi til storsamfunnet gjennom mer enn hundre år.

Dette har ført til betydelige inngrep og miljøforringelser, men har også gitt arbeid og økonomisk vekst som vi nyter godt av den dag i dag.

Imidlertid lever vi nå i en annen tid der naturen, stillheten, uberørte vannfall, fjell og vidder er blitt et attraktivt gode for stadig flere mennesker.

Det er også viktig å kunne videreføre våre naturverdier til våre etterkommere.

Tinn kommune har fortsatt et miljømessig fortrinn som vi ikke bør skusle bort med enda flere naturinngrep, men heller bruke aktivt i markedsføringen av reiselivet og verdensarven.

På denne bakgrunn vil Tinn kommunestyre signalisere at tiden for enda mer kraftutbygging på bekostning av flere naturinngrep ikke er ønskelig i vår kommune.

Tinn kommunestyre sier derfor på prinsipielt grunnlag og på ovenfor nevnte premisser; nei til de omsøkte søknader.”

Representant Berit Stormoen H fremmet følgende forslag på vegne av FRP, AP, H, SP og KRF som kulepunkt 2 til konsesjonssøknaden for Ramsåe:

“Utbyggingen må gjennomføres på en slik måte i landskapet at det ikke får en uheldig virkning på det eksisterende natur- og kulturlandskap.”

Votering

Generell del:

Formannskapetets innstilling satt opp mot forslag fremmet av representanter fra SV og V. SV og V's forslag falt; 3 mot 26 stemmer for formannskapetets innstilling.

Konsesjonssøknad for Kvitåe:

Formannskapetets innstilling falt, med 15 mot 14 stemmer.

Konsesjonssøknad for Ramsåe:

Formannskapetets innstilling med representant Stormoen's endringsforslag til kulepunkt 2 ble enstemmig vedtatt.

Konsesjonssøknad for Gjerdøla:

Formannskapetets innstilling vedtatt med 26 mot 3 stemmer.

Konsesjonssøknad for Vesleåe:

Formannskapetets innstilling ble enstemmig vedtatt.

Konsesjonssøknad for Husvollåe:

Formannskapetets innstilling vedtatt med 26 mot 3 stemmer.

Vedtak

I Tinn er det bygd ut store kraftverk som til saman produserer omlag 3,8 TWh vasskraft. Dette pregar sterkt vassdragsmiljøa og landskapa i kommunen. Utbygging av dei 5 omsøkte vassdraga vil ha større konsekvens enn det som går fram av konsekvensvurderingane som er gjort for kvart av prosjekta fordi dette er inngrep som kjem i tillegg til alle dei som er gjort før.

Omsynet til eigne innbyggjar sitt lokalmiljø no og i framtida er det kommunen legg størst vekt på. Men Tinn kommune har reiseliv, basert på naturopplevingar, som eit av sine viktigaste satsingsområde. Vassdraga som det vert søkt om å byggja ut har dermed og eit alternativt økonomisk potensiale.

Tinn har over tid tapt mange arbeidsplassar og treng difor å utvikle nye næringar. Av den grunn er det viktig at småkraftutbygging fører til lokal næringsutvikling ved at det er lokale selskap som byggjer ut kraftverk og i ettertid vert ståande som eigar og drivar. Det er ikkje usannsynleg at fleire av dei 5 omsøkte småkraftverka kan verta eigd av større aktørar utanfor kommunen. Dette er uheldig for lokalsamfunnet. Etter kommunen sin vurdering har dette samanheng med at ordninga med el-sertifikat er utvikla for å ivareta statleg politikk og EU-direktiv for utbygging av ny kraft, utan omtanke for distrikta. M.a. det korte tidsrommet for å koma med i ordninga sett stort press på små lokale aktørar. Det er lettare for større selskap raskt å ta stilling til risiko som knyter seg til relativt store investeringar og å utvikle prosjekt. Statlege ordningar for finansiering av lokal utbygging ville og vore eit viktig distriktstiltak i denne samanhengen. Reduksjon av økonomiske risiko er her svært viktig i tillegg til den langsiktige lønsemda.

KONSESJONSSØKNAD FOR KVITÅE:

Tinn kommune går imot at det vert gjeve konsesjon for utbygging av Kvitåe etter både alternativ 1 og 2, dvs. heile fallet ned til kote 245 moh.

Negative konsekvensar for landskapet i vid forstand er hovudgrunnlaget for denne vurderinga:

- Fossen i Kvitåe er eit framtrедande element i naturlandskapet i Rjukan og Vestfjorddalen.
- Minstevassføringar kan ikkje avbøta skaden i tilstrekkeleg grad.
- Tinn naturen er sterkt prega av kraftutbygging, få tilsvarande vassdrag er upåverka av kraftutbygging.
- Kviteåe er viktig for Rjukan sin verdensarvstatus.
- Kvitåe er eit symbol for Rjukan som reiselivs destinasjon, med økonomisk verdi.

KONSESJONSSØKNAD FOR RAMSÅE:

Tinn kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for bygging av småkraftverk i Ramsåe, men meiner at det må setjast fylgjande vilkår:

- Drifta av kraftverket vinterstid skal skje ved hjelp av beltekøytøy, utan brøyting av vegen frå Steinsbøle.
- Utbyggingen må gjennomføres på en slik måte i landskapet at det ikke får en uheldig virkning på det eksisterende natur- og kulturlandskap.
- Overskuddsmasser må legges i deponi.
Massen kan knuses og brukes til å gruse aktuelle veier.

KONSESJONSSØKNAD FOR GJERDØLA

Tinn kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for utbygging av Gjerdøla, slik det er søkt om med utnytting av fallet mellom kote 895 og 645, der kraftstasjonen vert plassert på oversida av Libru (alternativ 1).

Ein går mot utbygging etter alternativ 2 og 3, med kraftstasjon i juvet på nedsida av fossen ved Libru (kote 6). Dette vil medføre vesentleg større konsekvens for landskapet og for ein del av bekkekløftlokaliteten som er rangert som vesentleg meire verdfull enn den delen som ligg ovafor Libru.

KONSESJONSSØKNAD FOR VESLEÅE

Tinn kommune går imot utbygging av Vesleåe. Ein legg her avgjerande vekt på omsynet til dei som bur i området. Dette er ei lita grend som har nærleiken til natur som ein av sine viktigaste kvalitetar. Vesleåe har stor verdi for grenda både som landskapselement, badeplass og for fiske. Og er viktig for at det skal oppretthaldast fast busetnad i området.

Eit utbyggingsalternativ med kraftstasjonen flytta opp til kote 675 moh ville gje vesentleg mindre ulemper for dei som bur i grenda.

KONSESJONSSØKNAD FOR HUSVOLLÅE

Tinn kommune tilrår utbygging av Husvollåe.

Den omsøkte elvestrekninga er eit viktig element i nærmiljøet i Atrå sentrum. For å ivareta denne funksjonen bør storleiken på minstevassføringar aukast vesentleg i høve til det er søkt om, særleg om sommaren.

Tinn kommune har Husvollåe som reservevasskjelde for Atrå og Austbygde, dette må oppretthaldast.

Saksprotokoll i Tinn formannskap - 25.04.2013 17:20

Behandling

Rådmannens innstilling **generelt** – enstemmig ble vedtatt.

KONSESJONSSØKNAD FOR KVITÅE:

Representant Finn Arild Bystrøm gir stemmeforklaring: Han er avhengig av hva medlemsmøtet i partiet vedtar, men velger å avgi stemme nå, fordi saken skal realitetsbehandles i kommunestyret.

Rådmannens innstilling, alternativ 2 ble vedtatt med 6 mot 1 stemme.

KONSESJONSSØKNAD FOR RAMSÅE:

Representant Finn Arild Bystrøm (AP) fremmet følgende nytt kulepunkt 3 i rådmannens innstilling:

“Overskuddsmasser må legges i deponi.

Massen kan knuses og brukes til å gruse aktuelle veier”

Rådmannens innstilling med nytt kulepunkt 3 ble enstemmig vedtatt.

KONSESJONSSØKNAD FOR GJERDØLA

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

KONSESJONSSØKNAD FOR VESLEÅE

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

KONSESJONSSØKNAD FOR HUSVOLLÅE

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

I Tinn er det bygd ut store kraftverk som til saman produserer omlag 3,8 TWh vasskraft. Dette pregar sterkt vassdragsmiljøa og landskapa i kommunen. Utbygging av dei 5 omsøkte vassdraga vil ha større konsekvens enn det som går fram av konsekvensvurderingane som er gjort for kvart av prosjekta fordi dette er inngrep som kjem i tillegg til alle dei som er gjort før.

Omsynet til eigne innbyggjar sitt lokalmiljø no og i framtida er det kommunen legg størst vekt på. Men Tinn kommune har reiseliv, basert på naturopplevingar, som eit av sine viktigaste satsingsområde. Vassdraga som det vert søkt om å byggja ut har dermed og eit alternativt økonomisk potensiale.

Tinn har over tid tapt mange arbeidsplassar og treng difor å utvikle nye næringar. Av den grunn er det viktig at småkraftutbygging fører til lokal næringsutvikling ved at det er lokale selskap som byggjer ut kraftverk og i ettertid vert ståande som eigar og drivar. Det er ikkje usannsynleg at fleire av dei 5 omsøkte småkraftverka kan verta eigd av større aktørar utanfor kommunen. Dette er uheldig for lokalsamfunnet. Etter kommunen sin vurdering har dette samanheng med at ordninga med el-sertifikat er utvikla for å ivareta statleg politikk og EU-direktiv for utbygging av ny kraft, utan omtanke for distrikta. M.a. det korte tidsrommet for å koma med i ordninga sett stort press på små lokale aktørar. Det er lettare for større selskap raskt å ta stilling til risiko som knyter seg til relativt store investeringar og å utvikle prosjekt. Statlege ordningar for finansiering av lokal utbygging ville og vore eit viktig distriktstiltak i denne samanhengen. Reduksjon av økonomiske risiko er her svært viktig i tillegg til den langsiktige lønsemda.

KONSESJONSSØKNAD FOR KVITÅE:

Tinn kommune tilrår i utgangspunktet at det vert gjeve konsesjon for utbygging etter alternativ 2, dvs. utnytte fallet frå Kvitåvatn ned til kote 660 moh.

- Denne øvre elvestrekninga ligg i nær tilknytning til utbyggingsområde for turisme i Gausta-området. Difor må det gjennomførast tilleggsundersøkingar i høve til desse interessene før det vert teke stilling til konsesjonsspørsmålet.

KONSESJONSSØKNAD FOR RAMSÅE:

Tinn kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for bygging av småkraftverk i Ramsåe. Men meiner at det må setjast fylgjande vilkår:

- Drifta av kraftverket vinterstid skal skje ved hjelp av beltekøyrerøy, utan brøyting av vegen frå Steinsbøle
- Det må gjennomførast ein grundigare utgreiing om konsekvensar for landskapet, som må innarbeidas i prosjektet. Breisetdalen har verdfulle og lite påverka natur- og kulturlandskap som det er svært viktig å ta vare på.
- Overskuddsmasser må legges i deponi.
Massen kan knuses og brukes til å gruse aktuelle veier.

KONSESJONSSØKNAD FOR GJERDØLA

Tinn kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for utbygging av Gjerdøla, slik det er søkt om med utnytting av fallet mellom kote 895 og 645, der kraftstasjonen vert plassert på oversida av Libru (alternativ 1).

Ein går mot utbygging etter alternativ 2 og 3, med kraftstasjon i juvet på nedsida av fossen ved Libru (kote 6). Dette vil medføre vesentleg større konsekvens for landskapet og for ein del av bekkeløftlokaliteten som er rangert som vesentleg meire verdfull enn den delen som ligg ovafor Libru.

KONSESJONSSØKNAD FOR VESLEÅE

Tinn kommune går imot utbygging av Vesleåe. Ein legg her avgjerande vekt på omsynet til dei som bur i området. Dette er ei lita grend som har nærleiken til natur som ein av sine viktigaste kvalitetar. Vesleåe har stor verdi for grenda både som landskapselement, badeplass og for fiske. Og er viktig for at det skal oppretthaldast fast busetnad i området.

Eit utbyggingsalternativ med kraftstasjonen flytta opp til kote 675 moh ville gje vesentleg mindre ulemper for dei som bur i grenda.

KONSESJONSSØKNAD FOR HUSVOLLÅE

Tinn kommune tilrår utbygging av Husvollåe.

Den omsøkte elvestrekninga er eit viktig element i nærmiljøet i Atrå sentrum. For å ivareta denne funksjonen bør storleiken på minstevassføringar aukast vesentleg i høve til det er søkt om, særleg om sommaren.

Tinn kommune har Husvollåe som reservevasskjelde for Atrå og Austbygde, dette må oppretthaldast.

KONSESJONSSØKNAD FOR 5 SMÅKRAFTVERK I TINN – Generelt

Rådmannens innstilling:

I Tinn er det bygd ut store kraftverk som til saman produserer omlag 3,8 TWh vasskraft. Dette pregar sterkt vassdragsmiljøa og landskapa i kommunen. Utbygging av dei 5 omsøkte vassdraga vil ha større konsekvens enn det som går fram av konsekvensvurderingane som er gjort for kvart av prosjekta fordi dette er inngrep som kjem i tillegg til alle dei som er gjort før.

Omsynet til eigne innbyggjarar sitt lokalmiljø no og i framtida er det kommunen legg størst vekt på. Men Tinn kommune har reiseliv, basert på naturopplevingar, som eit av sine viktigaste satsingsområde. Vassdraga som det vert søkt om å byggja ut har dermed og eit alternativt økonomisk potensiale.

Tinn har over tid tapt mange arbeidsplassar og treng difor å utvikle nye næringar. Av den grunn er det viktig at småkraftutbygging fører til lokal næringsutvikling ved at det er lokale selskap som byggjer ut kraftverk og i ettertid vert ståande som eigar og drivar. Det er ikkje usannsynleg at fleire av dei 5 omsøkte småkraftverka kan verta eigd av større aktørar utanfor kommunen. Dette er uheldig for lokalsamfunnet. Etter kommunen sin vurdering har dette samanheng med at ordninga med el-sertifikat er utvikla for å ivareta statleg politikk og EU-direktiv for utbygging av ny kraft, utan omtanke for distrikta. M.a. det korte tidsrommet for å koma med i ordninga sett stort press på små lokale aktørar. Det er lettare for større selskap raskt å ta stilling til risiko som knyter seg til relativt store investeringar og å utvikle prosjekt. Statlege ordningar for finansiering av lokal utbygging ville og vore eit viktig distriktstiltak i denne samanhengen. Reduksjon av økonomiske risiko er her svært viktig i tillegg til den langsiktige lønsemda.

KONSESJONSSØKNAD FOR KVITÅE:

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune går imot at det vert gjeve konsesjon for utbygging av Kvitåe etter alternativ 1, dvs. heile fallet ned til kote 245 moh.

Negative konsekvensar for landskapet i vid forstand er hovudgrunnlaget for denne vurderinga:

- Fossen i Kvitåe er eit framtrèdande element i naturlandskapet i Rjukan og Vestfjorddalen.
- Minstevassføringar kan ikkje avbøta skaden i tilstrekkeleg grad.
- Tinn naturen er sterkt prega av kraftutbygging, få tilsvarande vassdrag er upåverka av kraftutbygging.
- Kviteåe er viktig for Rjukan sin verdensarvstatus.
- Kvitåe er eit symbol for Rjukan som reiselivs destinasjon, med økonomisk verdi.

Tinn kommune tilrår i utgangspunktet at det vert gjeve konsesjon for utbygging etter alternativ 2, dvs. utnytte fallet frå Kvitåvatn ned til kote 660 moh.

- Denne øvre elvestrekninga ligg i nær tilknytning til utbyggingsområde for turisme i Gausta-området. Difor må det gjennomførast tilleggsundersøkingar i høve til desse interessene før det vert teke stilling til konsesjonsspørsmålet.

KONSESJONSSØKNAD FOR RAMSÅE:

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for bygging av småkraftverk i Ramsåe. Men meiner at det må setjast fylgjande vilkår:

- Drifta av kraftverket vinterstid skal skje ved hjelp av beltekøretøy, utan brøyting av vegen frå Steinsbøle
- Det må gjennomførast ein grundigare utgreiing om konsekvensar for landskapet, som må innarbeidas i prosjektet. Breisetdalen har verdfulle og lite påverka natur- og kulturlandskap som det er svært viktig å ta vare på.
- Overskotsmassar må leggjast i deponi ikkje nyttast til oppbygging av vegen. Kalhovd-vegen vart bygd for over 100 år sidan og har kulturminne-verdi gjennom den skånsame måten den er lagt i terrenget.

KONSESJONSSØKNAD FOR GJERDØLA

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for utbygging av Gjerdøla, slik det er søkt om med utnytting av fallet mellom kote 895 og 645, der kraftstasjonen vert plassert på oversida av Libru (alternativ 1).

Ein går mot utbygging etter alternativ 2 og 3, med kraftstasjon i juvet på nedsida av fossen ved Libru (kote 6). Dette vil medføre vesentleg større konsekvens for landskapet og for ein del av bekkekløftlokaliteten som er rangert som vesentleg meire verdfull enn den delen som ligg ovafor Libru.

KONSESJONSSØKNAD FOR VESLEÅE

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune går imot utbygging av Vesleåe. Ein legg her avgjerande vekt på omsynet til dei som bur i området. Dette er ei lita grend som har nærleiken til natur som ein av sine viktigaste kvalitetar. Vesleåe har stor verdi for grenda både som landskapselement,

badeplass og for fiske. Og er viktig for at det skal oppretthaldast fast busetnad i området.

Eit utbyggingsalternativ med kraftstasjonen flytta opp til kote 675 moh ville gje vesentleg mindre ulemper for dei som bur i grenda.

KONSESJONSSØKNAD FOR HUSVOLLÅE

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune tilrår utbygging av Husvollåe.

Den omsøkte elvestrekninga er eit viktig element i nærmiljøet i Atrå sentrum. For å ivareta denne funksjonen bør storleiken på minstevassføringar aukast vesentleg i høve til det er søkt om, særleg om sommaren.

Tinn kommune har Husvollåe som reservevasskjelde for Atrå og Austbygde, dette må oppretthaldast.

Innleiing:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ved brev av 17.01.13 oversendt 5 søknadar om konsesjon for bygging av 5 småkraftverk i Tinn kommune (jmf. saksvedlegg). Søknadane er utlagt til offentlig ettersyn på servicekontoret på Rjukan og på Landbrukskontoret i Atrå. Dei er tilgjengelege på heimesidene til Tinn kommune og NVE. NVE har gjort søknadane kjent gjennom annonser i Rjukan Arbeiderblad, Telemarksavisa og Varden. NVE deltok saman med Tinn kommune på eit folkemøte på Atrå-samfunnshus 13.02.13. Det er frist til 15.05.13 for å koma med høyringsuttale til NVE.

Dei 5 kraftverka er: Ramsåe kraftverk, Vesleåe kraftverk, Gjerdøla kraftverk, Husvollåe kraftverk, og Kvitåe kraftverk.

Ein viktig del av bakgrunnen for at det vert søkt om 5 kraftverk no er innføring av ordninga med el-sertifikat som gjer at lønsemda for småkraftverk vert vesentleg betre enn før.

Alle dei 5 kraftverka har installert effekt mellom 1 MW og 10 MW, som medfører at dei må ha konsesjon for utbygging og det er NVE som handsamar desse søknadane.

Konsesjonen vert handsama med heimel i § 8 i vassressurslova og med heimel i energilova for løyve til bygging og drift av kraftstasjonar, koplingsanlegg og kraftliner.

Fakta:

El-sertifikat

Stortinget har vedteke lov om el-sertifikat som pålegg m.a. energiselskap å kjøpa slike sertifikat, som og har vorte kalla "grøne sertifikat". Ordninga er litt komplisert, men hovudmekanismen er at det er den vanlege straumkunden som til slutt vert belasta

kostnadane og overskotet subsidierar ny fornybar energi, deriblant straum frå nye småkraftverk. Marknaden for el-sertifikat er felles i Noreg og Sverige og det er ikkje eit eksakt svar på kva dette vil bidra til kraftprisen med i åra framover, men pr. i dag ser ein døme på at det vert nytta eit forventet bidrag på 0,15 kr for kvar produserte kWh. I så fall kan forventet kraftpris i åra framover, for nye småkraftverk verta 0,35 kr + 0.15 kr, til saman 0,50 kr. Tilsvarande forventet kraftpris for eksisterande store vasskraftutbyggingar vert då berre 0,35 kr. Småkraftverk som kjem i drift i tidsrommet 07.09.09 – 31.12.20 skal få pengar frå sertifikat-ordninga i ein periode på 15 år. NVE har ambisjon om å handsama søknadar om småkraftverk, som er aktuelle for el-sertifikat, innan 2017. Då er føresetnaden at søknad må vore inne til 01.01.13. Dette er bakgrunnen for at det har strøymt på med søknadar. Ordninga med el-sertifikat er eit vesentleg element i Staten sin politikk for skaffa fram ny fornybar energi (som ikkje gjev utslepp av CO₂). Dette byggjer på eit direktiv frå EU på dette politikkområdet.

Tinn kommune har motteke 4 skriftlege innspel til høyringa

Kvitåe kraftverk

Søklar: Småkraft AS (eigarar: Statkraft AS, Skagerak Kraft AS, Agder Energi AS og BKK AS).

Fallrettseigarar: Vidar Bodin, Asgeir Moe og Astrid Schneider.

Småkraft AS har utarbeida søknaden. Faun Naturforvaltning AS har laga temarapport for verknader på biologisk mangfald

I søknaden er det skissert 2 alternative utbyggingsprosjekt. **Alt. 1** vil omfatta heile strekninga frå Kvitåvatn ned til inntaket til Mel kraftverk nede i dalen (kote 245 moh). **Alt. 2** vil berre omfatta strekninga ned til der fossen startar (kote 660 moh)

Alt. 1:

Nedbørsfelt:	14,5 km ²
Middelvassføring	493 l/s
Alminneleg lågvassføring	22 l/s
5-persentil sommar	85 l/s
5-persentil vinter	15 l/s
Inntak	925 moh
Avløp	245 moh
Fallhøgde	680 m
Slukeevne maks	937 l/s
Slukeevne min	19 l/s
Tilløpsrør lengde	1280 m
Tilløpsrør diameter	0,60 m
Sjakt lengde	450 m
Tunnel lengde	415 m
Installert effekt maks	5,4 MW
Brukstid	2500 t
Minstevassføring (sommar)	300 l/s
Minstevassføring (vinter)	50 l/s
Produksjon	13,5 GWh
Ny jordkabel	150 m
Byggjekostnad	49,4 mill kr

Utbyggingspris 3,65 kr/kWh

Driftstida ser ut til å verta 6400 t

Alt. 2:

Nedbørsfelt:	14,5 km ²
Middelvassføring	493 l/s
Alminneleg lågvassføring	22 l/s
5-persentil sommar	85 l/s
5-persentil vinter	15 l/s
Inntak	925 moh
Avløp	660 moh
Fallhøgde	265 m
Slukeevne maks	1233 l/s
Slukeevne min	25 l/s
Tilløpsrør lengde	1330 m
Tilløpsrør diameter	0,60 m
Installert effekt maks	2,9 MW
Brukstid	2542 t
Driftstid ca	6650 t
Minstevassføring (sommar)	85 l/s
Minstevassføring (vinter)	15 l/s
Produksjon	6,61 GWh
Ny jordkabel	450 m
Byggjekostnad	27,5 mill kr
Utbyggingspris	4,16 kr/kWh

Driftstida ser ut til å verta 6650 t

I alt. 1 har søkjaren lagt opp til å sleppa ein minstevassføring som er vesentleg større enn det som er vanleg for denne typen småkraftverk.

I samsvar med NVE-retteleiar nr. 3/2009 har Faun Naturforvalting AS utarbeida rapport om verknaden på biologisk mangfald av tiltaket. Vidare har Småkraft sjølve utarbeida søknaden basert på at konsekvensar av det planlagde tiltaket vert vurdert etter metodikk frå Statens vegvesen, handbok 140 om konsekvensanalyser.

Tema	Konsekvens	Søker/konsulent sin vurdering
Vanntemp., is og lokalklima	Liten/middels negativ	Faun Naturforvaltning AS
Ras, flom og erosjon	Ubetydelig	Småkraft AS
Ferskvannsressurser	Ubetydelig	Småkraft AS
Grunnvann	Ubetydelig	Småkraft AS
Brukerinteresser	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Rødlistearter	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Terrestrisk miljø	Liten/middels negativ	Faun Naturforvaltning AS
Akvatisk miljø	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Landskap og INON	Middels til stor negativ	Faun Naturforvaltning AS
Kulturminner og kulturmiljø	(Ubetydelig)	Avklares med TFK
Reindrift	-	-
Jord og skogressurser	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Oppsummering	Middels negativ	Småkraft AS

Tabell 7: Sammenstilling av konsekvensene for planlagte tiltak for vurderte tema ved hovedalternativ utbygging.
Konsekvensene er vurdert etter metodikk fra SVV, håndbok 140.

Tema	Konsekvens	Søker/konsulent sin vurdering
Vanntemp., is og lokalklima	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Ras, flom og erosjon	Ubetydelig	Småkraft AS
Ferskvannsressurser	Ubetydelig	Småkraft AS
Grunnvann	Ubetydelig	Småkraft AS
Brukerinteresser	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Rødlistearter	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Terrestrisk miljø	Liten/middels negativ	Faun Naturforvaltning AS
Akvatisk miljø	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Landskap og INON	Liten til ubetydelig	Faun Naturforvaltning AS
Kulturminner og kulturmiljø	(Ubetydelig)	Avklares med TFK
Reindrift	-	-
Jord og skogressurser	Liten negativ	Faun Naturforvaltning AS
Oppsummering	Liten negativ	Småkraft AS

Tabell 8: Sammenstilling av konsekvensene for planlagte tiltak for vurderte tema ved alternativ 2 utbygging.
Konsekvensene er vurdert etter metodikk fra SVV, håndbok 140.

Tabell 9 viser konsekvenser for produksjon og utbyggingspris ved ulike alternative minstevannføringer:

Alternativer	Minstevannføring sommer/vinter l/s	Produksjon GWh	Utbyggingspris kr/kWh	Konsekvens for landskap
Scenario 1	85/15	18,2	2,7	Stort negativ
Scenario 2	200/50	16	3,08	Middels negativ
Scenario 3	330/50	14,2	3,49	Middels til liten
Scenario 4	500/70	11,7	4,22	Liten til middels

Tabell 9: Vurdering minstevannføring

Ovafor er tabell 7, 8 og 9 i søknaden kopiert inn. Tabell 7 og tabell 8 oppsummerar at konsekvensen utbygging er ubetydleg eller liten negativ for dei aller fleste tema som er vurdert både ved utbygging etter alt. 1 og alt. 2. Men for landskap og INON er det "middels til stor negativ" konsekvens for alt1, medan den er "liten til ubetydleg" for alt. 2. Tabell 9 visar at for alt. 1 avtek konsekvensen for landskapet med aukande minstevassføringar, slik at ved slepping av 500 l/s om sommaren og 70 l/s om vinteren vert konsekvensen liten til middels. Denne tabellen visar også at med lågaste scenario for minstevassføring er utbyggingskostnaden 2,7 kr/kWh og 4,22 kr/kWh ved det høgaste. Dvs. prosjektet endrar seg frå truleg å vera svært lønsamt til ulønsamt.

Ramsåe kraftverk

Søkjar: Stein Håkanes, Atrå og Gjermund Bakke, Atrå.

Saman eig dei to heile fallretten for elvestrekninga det vert søkt om å utnytta.

Søknaden er utarbeida av Gauldal Consult AS og biologisk mangfaldrapport av Faun Naturforvaltning AS.

I søknaden er det skissert eitt utbyggingsprosjekt som skal utnytte vatnet i Ramsåe:

Nedbørsfelt:	25,0 km ²
Middelvassføring	864 l/s
Alminneleg lågvassføring	78 l/s
5-persentil sommar	167 l/s
5-persentil vinter	73 l/s
Restvassføring	19 l/s
Inntak	1065 moh
Avløp	835 moh
Fallhøgde	230 m
Slukeevne maks	1500 l/s
Slukeevne min	75 l/s
Tilløpsrør lengde	1200 m
Tilløpsrør diameter	0,80 m
Installert effekt maks	2,8 MW
Brukstid	2756 t
Minstevassføring (sommar)	73 l/s
Minstevassføring (vinter)	73 l/s
Produksjon	7,8 GWh
Ny jordkabel	50 m
Byggjekostnad	32 mill kr

Utbyggingspris 4,1 kr/kWh
 Driftstid ser ut til å verta ca 7700 t

I samsvar med NVE-retteleiar nr. 3/2009 har Faun Naturforvaltning AS utarbeida rapport om verknaden på biologisk mangfald av tiltaket. Vidare har Gauldal Consult AS utarbeida søknaden basert på at konsekvensar av det planlagde tiltaket vert vurdert etter metodikk frå Statens vegvesen, handbok 140 om konsekvensanalysar. Faun vurderar verdien av biologisk mangfald vurdert til middels verdi, omfanget av verknadane av utbygging middels negative og konsekvensen vurdert til middels negativ. Søkjar/konsulent vurderar konsekvensen for landskapet til middels negativ.

Vesleåe kraftverk

Søkjar: Statskog SF.

Statskog SF eig heile fallretten for kraftverket det vert søkt om å byggja.

Søknaden er utarbeida av konsulentfirmaet Sofienlund AS og biologisk mangfaldrapport av Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser

I søknaden er det skissert eitt utbyggingsprosjekt som skal utnytte vatnet i Vesleåe:

Nedbørsfelt:	16,4 km ²
Middelvassføring	512 l/s
Alminneleg lågvassføring	33 l/s
5-persentil sommar	69 l/s
5-persentil vinter	30 l/s
Restvassføring	157 l/s
Inntak	927 moh
Avløp	510 moh
Fallhøgde	417,0 m
Slukeevne maks	1567 l/s
Slukeevne min	15 l/s
Tilløpsrør lengde	3677 m
Tilløpsrør diameter	0,90 m
Installert effekt maks	5,45 MW
Brukstid	2033 t
Driftstid ca	- t
Minstevassføring (sommar)	26 l/s
Minstevassføring (vinter)	26 l/s
Produksjon	11,1 GWh
Ny jordkabel/luftstrek	500/300 m
Byggjekostnad	49,8 mill kr
Utbyggingspris	4,50 kr/kWh

I samsvar med NVE-retteleiar nr. 3/2009 har Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser utarbeida rapport om verknaden på biologisk mangfald av tiltaket. Vidare har Sofienlund AS utarbeida søknaden basert på at konsekvensar av det planlagde tiltaket vert vurdert etter metodikk frå Statens vegvesen, handbok 140 om konsekvensanalysar.

I Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser sin rapport vert verdien av biologisk mangfald vurdert til liten til middels verdi, omfanget av verknadane av utbygging middels

negative og konsekvensen vurdert til liten negativ. Utbygger vurderer konsekvensen for landskapet til liten negativ.

Husvollåe kraftverk

Søkjær: Husvollåe Kraft AS.

Alle som eig fallrett på den aktuelle elvestrekninga er med i Husvollåe Kraft AS. Aksjene er fordelt i samsvar med fallrett. Det er fleire fallrettseigarar, deriblant Tinn kommune og Statkraft SF i tillegg til lokale grunneigarar. Søknaden er utarbeida av konsulentfirmaet Sofienlund AS og biologisk mangfaldrapport av Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser.

I søknaden er det skissert eitt utbyggingsprosjekt som skal utnytte vatnet i Husvollåe:

Nedbørsfelt:	43,8 km ²
Middelvassføring	1353 l/s
Alminneleg lågvassføring	69 l/s
5-persentil sommar	80 l/s
5-persentil vinter	26 l/s
Restvassføring	34 l/s
Inntak	494 moh
Avløp	234 moh
Fallhøgde	260 m
Slukeevne maks	2700 l/s
Slukeevne min	27 l/s
Tilløpsrør lengde	2330 m
Tilløpsrør diameter	1,20 m
Installert effekt maks	5,49 MW
Brukstid	2640 t
Driftstid ca	- t
Minstevassføring (sommar)	69 l/s
Minstevassføring (vinter)	69 l/s
Produksjon	14,5 GWh
Ny jordkabel/luftstrek	800 m
Byggjekostnad	46,1 mill kr
Utbyggingspris	3,19 kr/kWh

Kraftverket vil skjeldan stå på grunn av for liten vassføring (turbin som kan gå på liten vassføring).

Det er også nemnt eit utbyggingsalternativ med inntak litt lågare, ved kote 450,0 moh. Dette alternativet er ikkje utgreia.

I samsvar med NVE-retteleiar nr. 3/2009 har Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser utarbeida rapport om verknaden på biologisk mangfald av tiltaket. Vidare har Sofienlund AS utarbeida søknaden basert på at konsekvensar av det planlagde tiltaket vert vurdert etter metodikk frå Statens vegvesen, handbok 140 om konsekvensanalysar.

I Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser sin rapport vert verdien av biologisk mangfald vurdert til liten til middels, omfanget av verknadane av utbygging middels negative og konsekvensen vurdert til liten negativ. Utbygger har vurdert konsekvensen for landskapet til liten og samla konsekvens til liten negativ.

Atrå gamle vassverk har inntak i Husvollåe på den strekninga som er planlagt utbygd. I dag er dette reservevasskjelde. Kommunen har plikt til å ha ei reservevasskjelde for alle vassverk.

Gjerdøla kraftverk

Søklar: Gjerdøla kraftverk SUS

Fallrettseigarar: Opplysningsvesents fond (OF), Oslo. Jon Ålykkja, Atrå. Berit Solvang, Atrå. Bjørn Halvard Gvammen, Atrå. Alle fallrettseigarane er med på å etablere Gjerdøla kraftverk SUS, utanom Berit Solvang.

Søknaden er utarbeida av konsulentfirmaet Norconsult AS og rapport med konsekvensutgreiing for biologisk mangfald av Rådgivende Biologer AS.

I søknaden er det skissert eitt utbyggingsprosjekt som skal utnytte vatnet i Gjerdøla til energiproduksjon:

Nedbørsfelt:	31,9 km ²
Middelvassføring	1126 l/s
Alminneleg lågvassføring	38 l/s
5-persentil sommar	112 l/s
5-persentil vinter	32 l/s
Restvassføring	60 l/s
Inntak	895,0 moh
Avløp	645,0 moh
Fallhøgde	250,0 m
Slukeevne maks	2500 l/s
Slukeevne min	125 l/s
Tilløpsrøyr lengde	1200 m
Tilløpsrøyr diameter	1,00 m
Installert effekt maks	5,00 MW
Brukstid	2400 t
Driftstid ca	- t
Minstevassføring (sommar)	100 l/s
Minstevassføring (vinter)	30 l/s
Produksjon	12,2GWh
Ny jordkabel/luftstrek	2,2/7 km
Byggjekostnad	48,6 mill kr
Utbyggingspris	3,98 kr/kWh

Kraftverket vil truleg måtte stå i periodar om vinteren på grunn av for liten vassføring.

Det er også nemnt 2 utbyggingsalternativ med kraftstasjonen plassert lengre nede, ved kote 535 moh. Dette alternativet er ikkje utgreia med tanke på verknaden på biologisk mangfald. Spesifikk utbyggingskostnad er omlag lik for desse, men dei gjev omtrent 50 % større produksjon. Tiltakshavar prioriterer hovudalternativet fordi dette inneber mindre risiko kostnadmessig og konsekvensane for elvejuvet nedstraums Libru vert mindre.

I samsvar med NVE-retteleiar nr. 3/2009 har Rådgivende Biologer AS utarbeida rapport om verknaden på biologisk mangfald av tiltaket. Vidare har Nor Consult AS utarbeida

søknaden basert på at konsekvensar av det planlagde tiltaket vert vurdert etter metodikk frå Statens vegvesen, handbok 140 om konsekvensanalysar.

I Rådgivende Biologer sin rapport vert verdien av biologisk mangfald vurdert til liten til middels for raudlisteartar, terresterisk miljø og akvatisk miljø. Verknadane av utbygging vert og liten til middels negativ vurdert for dei same 3 parameterane og konsekvensen vurdert til liten til middels negativ. Utbyggar har vurdert konsekvensen for landskapet til liten og samla konsekvens til middels negativ.

Atrå gamle vassverk har inntak i Husvollåe på den strekninga som er planlagt utbygd. I dag er dette reservevasskjelde. Kommunen har plikt til å ha ei reservevasskjelde for alle vassverk.

Vurdering:

Kommunale føringar

I Tinn kommune sin strategiplan for landbruk og naturforvalting, vedteken av kommunestyret i 2007 står det at ein vil "leggja til rette for at det er politisk og byråkratisk velvilje for å stimulere til bygging av elvekraft der dette kan gje positive bidrag til både utbyggar og lokalsamfunn". Når det no ligg føre fleire søknadar om slike elvekraftverk er det vesentleg å sjå på om desse gjev positive bidrag til både utbyggjar og lokalsamfunn. Med lokalsamfunn må ein tenkja på både grunneigarar, lokalmiljø og kommune.

Lokal avkasting

Kommunen sine skatteinntekter frå småkraftvert er mindre enn frå store kraftutbyggingar med reguleringsmagasin. Alle dei 5 kraftverka det er søkt om i Tinn no er av ein slik storleik at kommunen berre vil få eigedomsskatt frå desse. Satsen er 7 promille av bokført verdi. Om alle prosjekta vert realisera som planlagt kan det gje rundt 1,5 mill kr årleg i eigedomsskatt til kommunen. Dette vil avtaka proporsjonalt med nedskrivinga av kraftverka, med nedskrivingsperiode på 30 – 35 år. Skatt på overskotet i kraftselskapa går til Staten.

I utbyggingsperioden vil det kunne bli ein del lokal sysselsetting. Småkraft AS reknar med 5 – 7 årsverk for å byggja ut Kvitåe og 1/3 årsverk til drift i ettertid.

Den største verdien for lokalsamfunnet må vera inntekter til fallrettseigar som bur i Tinn. Fyrste føresetnaden for dette er at ei utbygging er lønsam, at ikkje investeringane vert for høge i høve til straumproduksjonen. Det er i prinsippet to ulike måtar å gjennomføra ei utbygging på. Det enklaste er å leiga ut fallretten til eit selskap som byggjer og eig kraftverket. Ulempa er at slike selskap reknar seg høg avkasting på investert kapital, noko som sjølvstøtt går ut over den delen av overskotet som kjem fallrettseigarane til gode. Alternativet er at fallrettseigarane opprettar eit selskap som byggjer og vert eigar av kraftverket. Då får dei og heile overskotet. Den største utfordringa med utbygging i eit lokalt selskap kan vera risiko. Det vil alltid vera fare for at utbygginga vert dyrare enn prosjektert, likeins er det usikkert korleis prisen på kraft utviklar seg. Normalt vert det stilt krav om eigenkapital ved finsering av utbygging. For lokale utbyggjarar av eit kraftverk kan dette verta svært tyngande.

Jord- og skogbruk

For alle dei 5 planlagde kraftverka skal tilløpsrøyra gravast ned. Dette vil i stor grad skje i skog, men på lengre sikt vil det kunne etablerast ny skog i denne traseen. Elles vert jord- og skogbruksinteresser lite direkte påverka av utbyggingane, verken positivt eller negativt.

Nokon, men ikkje alle, av utbyggingane kan få positive verknader for jord- og skogbrukseigedomar fordi dei eig fallrettar som vil gje langsiktige inntekter. Den negative sida av utbygging kan vera at den skjer på ein slik måte at inntektene til lokale grunneigar vert små eller i verste fall at fallrettane vert skilt ut frå jord- og skogbrukseigedomar.

Prioritering av vassdrag

Dei to viktigaste avbøtande tiltaka ved bygging av småkraftverk i elvar er nedgraving av tilløpsrøyrer og tilbakeføring av naturleg vegetasjon og å sleppa minstevassføringar. Fyrstnemnte let seg ofte gjennomføra og etter ei tid vil inngrepa vera lite synlege. Det medfører kostnader, men er ein eingongsutgift. Fråføring av vatnet på ei elvestrekning er grunnlaget for å etablere småkraftverk. I vårflaumen og spreidd elles om sommar og haust vil vassføringa vera mykje større enn største slukeevne for kraftstasjonen då kan vassdraget få ein vassføring som liknar på naturtilstanden, men dette er ikkje det normale. Mesteparten av tida om sommaren vil slukeevna til kraftverket vera større enn vasstilgangen. Alle pålegg om minstevassføringar vil då redusere produksjonen og går direkte av overskotet. Minstevassføringar som sikrar at ein foss skal framstå med naturleg utsjånad kan difor ikkje sameinast med lønsam kraftverksdrift. Når ein vurderer konsesjonar for småkraftverk vert det difor langt på veg ein prioritering mellom elvestrekningar som kan byggjast ut og ikkje.

Kvitåe

Det har kome inn høyringsuttale frå Norsk Hydro Produksjon AS som visar til at kraftstasjonen er planlagt på kote 245 moh, men at Hydro eig fallretten opp til kote 246,26 moh. Dei visar og til faren for stein- og isras i området der det er planlagt kraftstasjon etter Alt. 1. Andreas spak visar i sin høyringsuttale til Kvitåe sin verdi for isklatrering og generelt om dei omsøkte vassdraga som ressurs for turistutvikling og oppleving.

For utbyggingsalternativ 1 er det lagt til grunn ein minstevassføring i sommarhalvåret på 300 l/s, som prosentvis er svært mykje meir enn det som er vanleg. Likevel vert det konkludert med i søknaden (jf. Pkt. 3.7) at fossen i lengre periodar vert markert redusert samanlikna med i dag, særleg om sommaren. Det er såleis ikkje mogleg å ta vare på Kvitåe som det landskapselementet fossen er no, dersom heile fallstrekninga skal utnyttast til kraftproduksjon. Det går også fram av tabell 9 i søknaden at med aukande minstevassføringar vert lønsemda raskt redusert.

Ramsåe

Det vert konkludert med i søknaden at utbygginga vil føra til middels negativ konsekvens for landskapet. Utifrå biletet i figur 2.2 i søknaden kan dette synast å vera ei undervurdering. Her går det fram at mykje av rørgatetraseen vert synleg frå bilvegen i Øvset-lian. Det er og problematisk at det vert planlagt ein varig traktorveg i denne traseen. Denne bør verta så beskjeden som råd. Heile Breisetdalen er lite påverka av nyare menneskelege inngrep og både naturlandskapet og kulturlandskapet har store kvaliteter. Ein veg opp opp lia her vil gje ein særleg negativ påverknad.

I dag vert ikkje bilvegen innover frå Steinsbøle brøyta. Dersom bygging av Ramsåe kraftverk medfører brøyting gjennom vinteren, opnar det vegen nærare inn mot grensa for villreinen sine leveområde og auka menneskeleg ferdsel inn i nasjonalt villreinområde. Dette kan verta ein vesentleg negativ konsekvensen av utbygginga for det biologiske mangfaldet (jf. NINA Oppdragsmelding 756).

Gjerdøla

Den delen av Gjerdøla som er planlagd utbygd er del av ein bekkekløft-lokalitet, som strekker seg nedover i Gjøyståe og vestover i Nysetåe. Totalt er denne klassifisert til å ha nasjonal verdi. Men den delen som ligg ovafor Libru er den delen som har lågast verdi. Ved plassera utløpet frå kraftstasjon på oversida av Libru, vert ikkje dei mest verdfulle delane påverka av utbygginga.

Nettkapasiteten er relativt dårleg i Gjøystdal, slik at bygging av Gjerdøla kraftverk vil utløysa behov for ny kraftline (22 kV) ned til Atrå og forsterking av jordkabel vidare til Sigurdsrud.

Utbyggingsprisen for Gjerdøla kraftverk vert relativt høg, utbyggingsprisen er sett til 3,98 kr/kWh.

Vesleåe

Det har kome inn 3 skriftlege innspel til søknaden om å byggja ut Vesleåe (jf. vedlegg). Hans Åsheim og Ingrid Marie Åsheim har på vegne av fleire undertekna brev der det vert sett fram krav om at kraftverket i Vesleåe vert flytta lengre opp, omlag til kote 675 moh. Desse personane er enten busette eller har fritidseigedom ved Velta. Grunnlaget for innspelet er at dei som naboar har ein nært forhold til Vesleåe som landskapselement, fine badeplassar og godt fiske. Anne Lise Duås som bur på Åsberg visar til dei same kvalitetane og til at "Den mangfoldige naturen er den største verdien vi i grisgrendte strøk har, dette er også en verdi som trekker tilreisende" (jf. vedlegg). Andreas Spak bur ikkje i området, men visar i sitt innspel til at Vesleåe har potensiale for kajakk-padling som eit element i friluftsliv og turistutvikling. Innspela dokumenterer at Vesleåe har ein stor verdi for ei lita grend i utkanten som framleis har fast busetnad. Kanskje er vassdraget ein kritisk faktor for at det skal bu folk i denne grenda i framtida. Dette kjem ikkje tilstrekkeleg fram i søknaden.

I fylgje søknaden skal eksisterande skogsbilveg forlengast 1 km for å koma inn dit inntaksdammen er planlagt, som medfører at arealet av inngrepsfritt område i INON vert noko redusert. Men den påverknaden vegbygginga har på villreinen vert ikkje fanga opp av utgreiinga om konsekvensar for biologisk mangfald. Ved å føra endepunktet på vegen nærare inn mot grensa for villreinen sine leveområde og høgare opp i terrenget vil ein auka menneskeleg ferdsel inn i nasjonalt villreinområde. Dette er truleg den største negative konsekvensen av denne utbygginga for det biologiske mangfaldet.

Vesleåe er den av dei 5 omsøkte småkraftverka som har dårlegast økonomisk potensiale, med ein spesifikk utbygningskostnad på 4,50 kr/kWh. Dette har samanheng med elva har lite fall på delar av strekninga, slik at tilløpsrøret vert langt. Det er planlagt minstevassføring på 26 l/s både sommar og vinter. Dette er mindre enn alminneleg lågvassføring og 5 – persentil vinter. Fordi utbygd elvestrekning er lang vert det relativt stor restvassføring ved kraftstasjonen.

Husvollåe

Husvollåe kraftverk er det som er berekna å vert det mest lønsame av dei 5 som det er søkt konsesjon for, med utbyggingskostnad på 3,19 kr/kWh.

Husvollåe ligg nær til Atrå sentrum og difor er det relativt mange som har dette vassdraget som ein del av nærmiljøet. Store delar av elveløpet er toleg tilgjengeleg og ikkje svært bratt. Det kan difor verta god nytte av å ha ein større minstevassføring på denne strekninga enn det er søkt om.

Konklusjon:

I Tinn er det bygd ut store kraftverk som til saman produserar omlag 3,8 TWh vasskraft. Dette pregar sterkt vassdragsmiljøa og landskapa i kommunen. Utbygging av dei 5 omsøkte vassdraga vil ha større konsekvens enn det som går fram av konsekvensvurderingane som er gjort for kvart av prosjekta fordi dette er inngrep som kjem i tillegg til alle dei som er gjort før.

Omsynet til eigne innbyggjarar sitt lokalmiljø no og i framtida er det kommunen legg størst vekt på. Men Tinn kommune har reiseliv, basert på naturopplevingar, som eit av sine viktigaste satsingsområde. Vassdraga som det vert søkt om å byggja ut har dermed og eit alternativt økonomisk potensiale.

Tinn har over tid tapt mange arbeidsplassar og treng difor å utvikle nye næringar. Av den grunn er det viktig at småkraftutbygging fører til lokal næringsutvikling ved at det er lokale selskap som byggjer ut kraftverk og i ettertid vert ståande som eigar og drivar. Det er ikkje usannsynleg at fleire av dei 5 omsøkte småkraftverka kan verta eigd av større aktørar utanfor kommunen. Dette er uheldig for lokalsamfunnet. Etter kommunen sin vurdering har dette samanheng med at ordninga med el-sertifikat er utvikla for å ivareta statleg politikk og EU-direktiv for utbygging av ny kraft, utan omtanke for distrikta. M.a. det korte tidsrommet for å koma med i ordninga sett stort press på små lokale aktørar. Det er lettare for større selskap raskt å ta stilling til risiko som knyter seg til relativt store investeringar og å utvikle prosjekt. Statlege ordningar for finansiering av lokal utbygging ville og vore eit viktig distriktstiltak i denne samanhengen. Reduksjon av økonomiske risikoen er her like viktig som den langsiktige lønsemda.

KVITÅE

Det bør ikkje gjevast konsesjon for utbygging av Kvitåe etter alternativ 1, dvs. heile fallet ned til kote 245 moh.

Negative konsekvensar for landskapet i vid forstand er hovudgrunnlaget for denne vurderinga:

- Fossen i Kvitåe er eit framtrèdande element i naturlandskapet i Rjukan og Vestfjorddalen.
- Minstevassføringar kan ikkje minimera skaden i tilstrekkeleg grad.
- Tinn naturen er sterkt prega av kraftutbygging, få tilsvarande vassdrag er upåverka av kraftutbygging.
- Kvitåe er viktig for Rjukan sin verdensarvstatus.
- Kvitåe er eit symbol for Rjukan som reiselivs destinasjon, med økonomisk verdi.

Tinn kommune tilrår i utgangspunktet at det vert gjeve konsesjon for utbygging etter alternativ 2, dvs. utnytte fallet ned til kote 660 moh.

- Denne øvre elvestrekninga ligg delevis innafor utbyggingsområde for turisme i Gausta-området. Difor må det gjennomførast tilleggsundersøkingar i høve til desse interessene før det vert teke stilling til konsesjonsspørsmålet.

RAMSÅE:

Tinn kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for bygging av småkraftverk i Ramsåe. Men meiner at det må setjast fylgjande vilkår:

- Drifta av kraftverket vinterstid skal skje ved hjelp av beltekøyretøy, utan brøyting av vegen frå Steinsbøle
- Det må gjennomførast ein grundigare utgreiing om konsekvensar for landskapet, som må innarbeidas i prosjektet. Breisetdalen har verdfulle og lite påverka natur- og kulturlandskap som det er svært viktig å ta vare på.
- Overskotsmassar må leggjast i deponi ikkje nyttast til oppbygging av vegen. Kalhovd-vegen vart bygd for over 100 år sidan og har kulturminne-verdi gjennom den skånsame måten den er lagt i terrenget.

GJERDØLA:

Ved for utbygging av Gjerdøla, slik det er søkt om, med utnytting av fallet mellom kote 895 og 645, der kraftstasjonen vert plassert på oversida av Libru (alternativ 1) vil fordelane av tiltaket verta større enn ulempene.

Utbygging etter alternativ 2 og 3, med kraftstasjon i juvet på nedsida av fossen ved Libru (kote 535 moh) vil medføre vesentleg større konsekvens for landskapet og for ein del av bekkekløftlokalitet som er rangert som vesentleg meir verdfull enn den delen som ligg ovafor Libru. Her vil ulempene av tiltaket verta større enn fordelane.

VESLEÅE

Tinn kommune bør gå imot utbygging av Vesleåe. Det må leggjast avgjerande vekt på omsynet til dei som bur i området. Dette er ei lita grend som har nærleiken til natur som ein av sine viktigaste kvalitetar. Vesleåe har stor verdi for grenda både som landskapselement, badeplass og for fiske. Og er viktig for at det skal oppretthaldast fast busetnad i området.

Eit utbyggingsalternativ med kraftstasjonen flytta opp til kote 675 moh ville gje vesentleg mindre ulemper for dei som bur i grenda.

Gjennom at veg/inntaksdam kjem langt inn mot nasjonalt villreinområde vert det ein større negativ konsekvens for biologisk mangfald enn det som framgår av søknaden.

HUSVOLLÅE

Tinn kommune tilrår utbygging av Husvollåe.

Den omsøkte elvestrekninga er eit viktig element i nærmiljøet i Atrå sentrum. For å ivareta denne funksjonen bør storleiken på minstevassføringar aukast vesentleg i høve til det er søkt om, særleg om sommaren.

Tinn kommune har Husvollåe som reservevassskjelde for Atrå og Austbygde.

Journalpostar i saka:

1	I	23.01.2013	Søknader om tillatelse til bygging av småkraftverk i Tinn kommune - Ramsåe, Vesleåe, Gjerdølala, Husvollåe og Kvitåi kraftverk	Norges vassdrags- og energidirektorat
2	I	23.01.2013	Ramsåe kraftverk - Konesjonssøknad	NVE - Konesjonsavdelingen
3	I	23.01.2013	Husvollåe kraftverk - Konesjonssøknad	NVE - Konesjonsavdelingen
4	I	23.01.2013	Vesleåe kraftverk - Konesjonssøknad	NVE - Konesjonsavdelingen
5	I	29.01.2013	Gjerdøla kraftverk - Konesjonssøknad	NVE - Konesjonsavdelingen
6	I	29.01.2013	Kvitåi kraftverk - Konesjonssøknad	NVE - Konesjonsavdelingen
7	I	04.03.2013	Kvitåi kraftverk - Vedrørende høringsuttalelse	Norsk Hydro Produksjon AS
8	S	08.04.2013	Norges vassdrags- og energidirektorat - Søknadar om løyve til bygging av småkraftverk i Tinn kommune - Ramsåe, Vesleåe, Gjerdølala, Husvollåe og Kvitåi kraftverk	

Åpent brev til Tinn Kommune v/ Ordfører, Næringssjef og Miljøvernråd giver

Med kopi til Rjukan Arbeiderblad

Kristiansand 22.04.2013

Tinn Kommune på fullstendig ville miljøveier ?

RA har den senere tid hatt flere reportasjer i anledning 5 ulike kraftkonsesjonssøknader som snart skal behandles i kommunestyret og dernest av NVE. Felles for alle reportasjene har vært at miljøvernråd giver Bjørn Bjørnsen står frem og forfekter sitt syn på en slik utbygging av disse 5 vassdragene. Bjørnsen har også ved hver anledning benyttet sjansen til å nærmest "mase" på befolkningen i Tinn om at de må legge inn protester på disse søknadene, slik at han tilsynelatende skal få litt ryggdekning for sitt syn, som igjen skal danne grunnlaget for hans innstilling til kommunestyret.

Undertegnede, som representerer en av grunneierne i Kvitåi –vassdraget, kan ikke lengre sitte og se på at miljøvernråd giveren og dermed Tinn Kommune får fortsette med å belyse denne saken så ensidig og misvisende, og i tillegg trekke frem kun 1 av søknadene i særdeleshett, ved å la seg avbilde ved Kvitåi vassdraget hver gang det skrives noe i sakens anledning.

Når Bjørnsen nå i tillegg på nytt står frem i RA og ønsker å verne Kvitåi- vassdraget, ønsker jeg å belyse følgende viktige momenter som gjelder for Kvitåi og som ikke kommer frem i saksfremstillingen :

- Kvitåi ligger i et av Tinns største utbyggingsområder, som kommunen har utpekt som et av de viktigste vekstområdene for turisme og fritidsbebyggelse. Området vil bli ytterligere utbygget, langs store deler av elvestrengen og området langs med vassdraget vil på den måten endres radikalt de neste årene.

- Kvitåi har meget godt tilsig av vann gjennom hele året.

- Utbyggingen av Kvitåi er planlagt med en minstevannføring som gjør at man ikke tørker ut vannveien, men at det alltid vil renne vann ned langs fjellet . Med dagens teknologi er det også en enkel sak å planlegge økt produksjon på nattetid, når turister og andre normalt sover.

- En regulering av Kvitåi vil gi mindre støy for beboerne i nærheten på nattetid. I tillegg har mange av beboerne i nærområdet kontaktet oss grunneiere og sagt at vassdraget skaper store problemer med vann i kjellere i perioder av året, samt at frykten for isras er overhengende på våren. En regulering av dette vassdraget, vil da kunne gi positive effekter som må vel da må kunne sies å være å ta hensyn til innbyggerne ?

- Utbygging av Kvitåi vil i anleggsperioden gi meget store positive ringvirkninger for lokale leverandører og entreprenører som skal bygge kraftverket, samt at driftingen av et slikt kraftverk vil gi en fast stilling til vedlikehold og ettersyn. Dette er et regnskap miljøvernrådgiveren ikke har ” tatt seg tid til ” å regne på, ifølge en av artiklene i RA. Hvorfor kan dere ikke belyse denne siden av saken også, Bjørnsen ? Dere har utallige utbyggingsprosjekter bak dere i Tinn og vet nok rimelig sikkert hvor mye penger og arbeidsplasser det her er snakk om.

- En utbygging av Kvitåi vil kunne være med å hjelpe frem datalagringshall- prosjektet på Dale, både ved å fungere som nødstrøms tilgang til anlegget, som er en av forutsetningene for å få bygge slike fjellhaller, men også med en unik mulighet til å kunne benytte vannet til kjøling av hele fjellhallanlegget. Dette er viktige momenter, som Bjørnsen har fått fremlagt i 2 ulike møter med undertegnede, men som han velger å ikke nevne for noen. Dersom fjellhallene blir en realitet, så er det snakk om en lang rekke sårt tiltrengte arbeidsplasser i Tinn, samt et miljømessig prosjekt i verdensklasse, hvor man kan både få ut sårt tiltrengt kraft av vannet i et nytt kraftverk, deretter sende vannet gjennom fjellanlegget for kjøling, for deretter å sende det videre inn i tunnelene til Hydro, som igjen får ut kraft av dette vannet opptil flere ganger. Det hele kan skje mens det fremdeles renner en flott foss ned langs fjellet på Bruflåt.

Når vi som grunneiere ønsker å bygge ut Kvitåi ned til kote 245 moh, så skyldes dette selvsagt at det er det som gir best økonomi og dermed kan sikre hele prosjektet. I og med at vi har økt minstevannsføringen betraktelig gjennom søknadsprosessen, så er vi helt avhengig av å ha et visst antall fallmeter for å kompensere inntektstapet dette gir. Alle inngrep i naturen blir skjult under bakken, da vi planlegger å bore en underjordisk tunnel , slik at ingen vil kunne se noe som helst forandring i naturen.

Bjørnsen er også gjort kjent med at grunneier, som er bosatt utenfor Tinn Kommune, har familiære bånd til Tinn som går flere hundre år tilbake og hvor slekten i generasjoner har bidratt positivt til Tinns utvikling. Dagens grunneiere har allerede gjort investeringer i Tinn kommune i 10 – millioners klassen og har store planer for betydelige nye investeringer i kommunen, som skal sikre en lang rekke nye arbeidsplasser. Disse investeringene skal igjen være med å sikre ny turisme til kommunen i fremtiden. Det er slik for private aktører, at man må ha noe grunnkapital for å kunne satse ytterligere og dermed være med å skape positiv vekst . Det å skulle holde det imot oss at en utbygging av Kvitåi vil kunne være en trussel mot fremtidig turisme, faller fullstendig på sin egen urimelighet, så lenge vi selv skal leve av den fremtidige turismen og dermed ikke ønsker å foreta oss noe som kan ødelegge denne muligheten. Kan også nevne at undertegnede eier og driver et eventselskap på Sørlandet og at jeg gjennom årene har hatt med meg et betydelig antall godt betalende gjester fra både Sørlandet og Østlandet til Tinn og vil gjøre det samme også i fremtiden. Jeg vet med andre ord meget godt hva det er som ” selger” og kan friste nye mennesker til Tinn kommune.

Bjørnsen velger å trekke frem momentet med Verdensarvstatusen og insinuerer at denne kan stå i fare om f.eks Kvitåi reguleres, blir jo aldeles spinnvilt. Tinn Kommune og Bjørn Bjørnsen må nå våkne og tørre å se de faktiske forhold i øynene, nemlig at Tinn Kommune overlever ikke på en Verdensarv status alene. Ei heller er Hydro lengre i dalen og holder hjulene i gang, så kommunen bør virkelig ønske ethvert nytt tiltak velkommen, som kan skape nye arbeidsplasser, i en kommune som pr dags dato har en betydelig større utflytting enn tilflytning, mye pga manglende arbeidsplasser. Kommunen tilkjenner også at de ønsker og MÅ satse på fremtidig turisme , men så langt mener undertegnede at det fremvises lite vilje og handlekraft i så måte.

Undertegnede savner virkelig at Ordfører og næringssjefen kommer på banen i denne saken og bidrar til å nyansere de utspillene som miljøvernrådgiveren nå har fått lov til å kringkaste. Jeg håper inderlig ikke at hans syn alene representerer alle de folkevalgte innstilling til denne aktuelle saken. Hvis dere mener noe, og vil noe for Tinn, så fortell oss dette nå.


Til slutt, miljøvernrådgiver Bjørn Bjørnsen, så er det kanskje et signal vel verd å merke seg, at selv etter offentlig utlysning og flere oppfordringer fra deg via media om å melde inn innsigelser og kommentarer, så er det fremdeles ikke kommet inn noe vedr Kvitåi- prosjektet. Kanskje folk i Tinn ser realitetene i øynene og innser at kraftproduksjon er noe av det som har holdt Tinn levende i generasjoner og som også i fremtiden vil være et viktig bidrag til fellesskapet, dog i pakt med naturen og menneskene som lever i den.

Med hilsen

Christian Berthelsen,

En av flere grunneiere i Kvitåi- vassdraget

2013/34



Vesleåi – kraftutbygging

Som beboer i Gauset og nabo til Vesleåi håper jeg denne naturperlen ikke skal ødelegges. Jeg kjører langs elven til og fra Åsberg, og kan glede meg over levende vann i fosser, stryk og kulper, og flotte isskulpturer om vinteren. Her er godt fiske og fine badeplasser, både «dusjbad» og «boblebad». Det blir et fattigere område med ødeleggelse for naturmangfoldet hvis Vesleåi helt eller delvis forsvinner.

Den mangfoldige naturen er den største verdien vi i grisgrendte strøk har, dette er også en verdi som trekker tilreisende.

2 forskere ved Vista analyse har noen kloke ord om fornybar energi og miljøvennlighet, og jeg referer enkelte aktuelle utsnitt:

»....vannkraft og vindkraft gir irreversible sår i naturen. Ingen av disse energiformene er altså «miljøvennlige» i den forstand at de bedrer miljøet, de gir bare mer eller mindre skader på miljø og klima.

.... Økt produksjon gir lavere priser og økt forbruk,

.... Skal utslippene ned, må politikken treffe kildene til utslipp direkte.

.... Norsk natur og vanlige strømkunder betaler for subsidiert kraft til industrien, mens klimaargumentet brukes som dekknavn»

(alle sitat er fra Fjell og vidde des 2012).

Når vi så vet at det forskes intensivt på solenergiutnyttelse, at energiproduksjon ved osmose er i støpeskjeen, at det meste av vannkraften i Tinn er utbygd, og at Hydro har overproduksjon av gasskraft, er det neppe nødvendig med fler subsidierte naturskader. Kanskje er følgende utsagn på sin plass? «Vi må forsvare naturen mot vår egen grådighet».

Wim-Lise Daaas

Hei!

Den artikkel i RA ga meg et spennende
bak - håper den synes det er OK.

Sendt til RA 7/4 via deres hjemmeside.

A Daaas

Høringsuttalelse

Gjelder saksnummer:

201101212

201002761

201200550

200904052

201003769

201003769

I saken om utbygging av 5 kraftverk i Tinn har jeg følgende innsigelser.

På generell basis mener jeg at utbygging av vassdragene Husvollåe, Ramsåe, Gjerdøla, Vesleåe og Kvitåe vil ha stor negativ betydning for Tinn som turistkommune. Så store inngrep i naturen som utbygging av et eller flere kraftverk innebærer, både i bygningsfasen og langsiktig, er ikke forenlig med Tinn Kommunes ambisjoner om å være et av Norges mest attraktive turistdestinasjoner på helårsbasis.

Jeg har selv drevet med natur- og opplevelsesturisme i flere år og vet av egen erfaring både hvilken stor verdi det ligger i naturhensyn ift. turisme samt hvor store utfordringer det innebærer å drive natur- og opplevelsesturisme i Norge. Den største attraksjonen Tinn Kommune har, som turistdestinasjon, er urørt natur, viser her til nøkkeltall fra VisitNorway ("oppfatninger av Norge som feriemål").

Naturen og de muligheter som idag finnes til økologisk bruk av naturen i Tinn er også potensielt et av de viktigste virkemidlene kommunen har for å stimulere til økt tilflytting. En av de største utfordringene for etablering av nye selskaper og næring i Tinn Kommune er mangel på kompetent arbeidskraft og hvis planene med grønn datalagring blir en realitet så må Tinn være et attraktivt sted for tilflyttere fra hele landet. Før man gjør så grove og permanente inngrep som utbygging av vassdrag må det først nøye utredes hvor stor betydning disse inngrep har for hvor attraktivt Tinn vil være for tilflyttere i fremtiden.

Jeg kan ikke se at videre utbygging av vassdrag i Tinn vil være for lokalsamfunnets beste, tatt i betraktning at man da permanent gjør så store inngrep i naturen, med langsiktige virkninger som følge, både estetisk og for flora og fauna i de berørte områdene. Jeg kan heller ikke se at de økonomiske gevinstene for utbygging vil veie opp for de åpenbart negative, og ikke minst permanente, innvirkningene utbygging av nevnte vassdrag vil ha for naturbasert turisme.

Utbygging av bl.a. Kvitåe og Vesleåe vil ha direkte innvirkning på tilbudet for isklattring respektive kayak-paddling i Tinn.

--

Andreas Spak


48 12 91 68

andreas@thesignon.com

2013/344

Til NVE
Majorstuen Oslo

Rjukan / Velta 04.04.2013



Vedr. kraftbygging og tørrlegging av Vesleå i Tinn kommune

Undertegnende, som omfatter tidligere fastboende og nåværende eiere av fritidseiendommer, som ferdes mye langs Vesleå, vil med dette protestere på at Vesleå blir tørrlagt.

Veltaveien som alle vi er avhengig av går like ved siden av Vesleå ganske langt oppover før den svinger av og går videre til Åsen, Velta og Åsberg. Vi ferdes også mye videre oppover langs Vesleå da det her er et veldig fint turterreng med frodig vegetasjon og fine bærtrakter. I dette landskapet utgjør Vesleå en naturperle der den renner i bunnen av dalen med småfusser og fine vannkulper.

Om sommeren blir vannet varmere i Vesleå enn i Mårelva. Da hender det at vi tar et bad der og dette er særlig aktuelt når vi har med oss små barn. Vesleå har også vært en god fiskeå. Det er gjevnt over større fisk der enn i Mårelva. Vi som er ivrigere fiskere har fått gode fangster der, men blir det fisket mye så blir det også etterhvert mindre fisk og dårligere fiske. Fisket i Vesleå vil derfor variere med fiskebestanden. Vi har også sett at det har kommet folk i fra Atrå får å fiske i Vesleå og det hender at de overnatter i telt ved bekken.

Om denne bekken skulle bli tørrlagt vil det i våre øyne bli en rasering av et naturområde som mister sin aller viktigste ingrediens, nemlig selve livsnerven og rekreasjonsverdien i området. Vegetasjonen langs den tørrlagte bekken vil kanskje også miste mye av sin egenart og frodighet. Rørtraseen blir jo også ganske omfattende og skjemmende hvis den skal gå gjennom hele dalen.

Vi protesterer derfor på at kraftverket skal ligge helt nede ved Mårelva. Hovedfallet ligger jo fra Ånebu og i brattlandet ned til der dalen flates ut. Her mener vi at kraftverket kan legges. Videre nedover er fallet betydelig mindre og lengden betydelig lengre. Høyspentledningen kan herfra føres opp til Velta der vi nå får 20 000 volt trafostasjon. Det må eventuelt settes ut fisk i Vesleå etter kraftverket.

Vi håper at naturen i området og menneskene som bruker naturen her teller mere enn den økningen av kwh som finnes i den nedre del av Vesleå.

Vennlig hilsen Hans Åsheim delvis beboer og fritidsboer fra 1960.
Andre som også er enige i å legge kraftverket lenger opp i dalen:

Bjørn Steinar Åsheim
Randi og Kent Roger Åsheim
Ragnhild Hansen
Øystein og Gro Sunnøve Åsheim

H. Åsheim
Sam. Eystein 237
Ingrid Marie Åsheim